



BABYSONG OG SMÅBARNSTREFF

2008

"Nederst sitter tærne, helen kommer så, leggene og knærne, med enden ovenpå, mage, bryst og hode, hvor nesa stikker ut, håret er lengst oppe, slik er vi skapt av Gud!"

Songstund, nistemåltid og sosialt samvær på Fitjar bedehus samlar stadig mange småbarnsmødre, besteforeldre og dagmammaer som er heimearbeidande med små ungar under skulealder.

Våren 2008 hadde me 8 vanlege samlingar, i tillegg til skogstur med grilling og koking av påskeegg, 2 leikeplasstreff og avslutting med grilling i Breiavikjo. Denne våren prøvde me oss og på å ha ein gjennbruksdag, der me etter song og mat satte fram bord der folk kunne leggja fram kle og anna barneutstyr som dei ikkje hadde bruk for lenger og som andre kunne få arva. Dette var så populært at det vart gjennteke utpå hausten då det var tid for å gå gjennom haustgarderoben.

Hausten 2008 hadde me 7 vanlege samlingar, som samla mellom 45 og 65 små og store kvar gong. Dette var så mange at me måtte gå tilbake til den "gamle" ordninga med ikkje berre ei babygruppe og ei gruppe for dei eldre, men og ha ei eiga gruppe for dei eldste ungane (4-5 år). Det har vore populært for dei store å gå ut for seg sjølv. Der kan dei gjera meir avanserte ting/songar, ein får bedre kontakt med kvar einskild unge, ein kan lettare fletta inne ei fortelling i songstunda og i ei mindre gruppa med eldre ungar er det lettare å spela på fleire ulike instrument. Hausten 2008 var me med på ei familiegudsteneste. Langt frå alle, men ei lita eksklusiv gruppa av dei som går på babysong og småbarnstreff kom og var med. Dette var ei fin oppleving. Me fekk prega gudstenesta og me fekk vist fram litt av det me held på med, og litt av dei ungane som er med. Me hadde to populære leikeplasstreff på bedehuset og ein skogstur denne hausten. På ein av dei vanlege samlingane hadde me ein stor stand frå Sunnbok med anledning til å kjøpa bøker, musikk, filmar m.m. Før jul i år hadde me ein enklare variant av juleverkstaden, som me har hatt i mange år no. I år kalte me det adventsstund, og starta med vanlege aldersdelte songstunder med fokus på advent og jul, før det var nistemåltid med servering av pepperkaker og mandariner. Så var det anledning til å laga adventsappelsin og pynta fyrstikkøskjer. Aktivitetane var populære, særleg blandt dei eldste ungane. Tidleg i haust hadde me og besøk frå Bømlø Røde kors som driv noko liknande og som ville koma og sjå korleis me dreiv dette.

Me trivst svært godt oppe på bedehuset. Det er eit flott lokale for vårt formål, med godt kjøken, store gode rom, stellerom og god garderobe med plass til mange barnevogner. På kjøkenet har me dette året hatt veldig god hjelp av Kjellaug Aarbø, Marta Eide Helland og Gunn Marit Volden. Etter sommaren overtok Guro Tveit for Kjellaug. Alle er flinke og kjekke damer som tar ansvar, pynter og serverer kaffi, te og saft, hjelper til med rydding og er ein positiv faktor i miljøet.

"Panne, øyne, ører, røde kinner små, skuldrer, armer, hender, fingrer fikk vi så. Lungene og hjertet, muskler og skjelett, slik har Herren skapt oss, fantastisk rett og slett!"

Kari Anita Larsen, Astrid Koløen Prestba og Helga Rimmereid

